



## HØYRING: GRATIS KULTURSKULETILBOD TIL ELEVAR PÅ 1. - 4.TRINN

### Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Levekår	029/13	28.08.2013

### Framlegg til vedtak:

*Time kommune er positive til å gje elevane i 1. - 4. klasse ein ekstra time, «kulturskuletimen», i skule/SFO, men har følgjande kommentarar til lovforslaget:*

- 1. Det er ikkje tatt høgde for at kulturskulen kan få større etterspurnad og lengre venteliste etter at grunnskuleelevar har delteke i kulturskuletimen.*
- 2. Elevar som treng skyss, får problem med å nytta tilbodet.*
- 3. Det burde vore sett ein standard om fagleg innhald.*
- 4. Det burde vore stilt krav til kompetanse for å undervisa i kulturskuletimen.*
- 5. Det må greiast ut nærare kva som ligg i «gratis» tilbod.*
- 6. Tilbodet må fullfinansierast kvart år.*
- 7. Lovforslaget bør koma etter at kommunen har gjort erfaringar med ordninga.*

### **Levekår**

Forslag frå **Rein Harald Salte, H**: Time kommune støtter ikkje forslaget om gratis kulturskuletilbod til elevar 1.-4. trinn.

Forslag frå Rein Harald Salte vart vedtatt med 6 røyster, medan 3 røysta for framlegget(2Ap, Sp).

### **LEV-029/13 Vedtak:**

*Time kommune støtter ikkje forslaget om gratis kulturskuletilbod til elevar 1.-4. trinn.*

# GRATIS KULTURSKULETILBOD FOR ELEVAR PÅ 1. -4.TRINN

## SAKA GJELD

Kunnskapsdepartementet har lagt fram høyringsnotat med forslag til endringar i opplæringslova. Høyringa gjeld innføring av eit gratis kulturskuletilbod for elevar på 1. -4. trinn. Heile høyringsdokumentet finn ein her:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2013/horing--forslag-til-endringer-i-opplarin.html?id=731660>

## SAKSOPPLYSNINGAR

Sidan 2010 har fleire kommunar fått eit årleg stimuleringsstilskot som ei prøveordning for å sjå på om det å bruka skulen som arena for eit gratis kulturskuletilbod kunne bida til eit meir inkluderande tilbod enn det som blir gitt av kuleterskulane til vanleg. Til grunn for stimuleringsstilskotet ligg Meld.St. 10 (2011-2012) *Kultur, inkludering og deltaking*. Nesten 200 kommunar har nytta desse midlane til å utvida samarbeidet mellom grunnskule og musikk- og kulturskule. Evalueringa av stimuleringsstilskotet viser at ordninga har bidratt til utviklinga av nye prosjekt som har vore til positiv utvikling for kulturskulane og grunnskulane.

I Time har prosjektmidlane vore nytta til «Musisk på småtrinnet» opplegg på Rosseland skule på 2. trinn heile skuleåret 2012-2013, 1 lærar frå kulturskulen og 1 frå grunnskulen. «Teknologi og formidling» – dei eldste elevane på 9. og 10. trinn i produksjon av forestilling. Effekten er fleire elevar har fått vore med på ulike opplegg. Undervisninga har fått høgare kvalitet og elevane fått meir undervisningstid.

Frå hausten 2013 er det gitt midlar til alle kommunar, slik at dei kan gje ein veketime med kulturskuletilbod i skule og/eller SFO-tida på 1. - 4. trinn. For 2013/14 vil dette tilbodet kosta totalt 177 mill. kroner, noko som tilsvarer 245 årsverk i kulturskulen.

I Time set ein i gang eit kulturskuletilbod i SFO frå hausten 2013. Dette vil gje alle elevane på 3. trinn eit gratis kulturskuletilbod tilsvarande ein veketime gratis. Tilbodet er frivillig, og blir gitt i SFO tida. Også dei som ikkje har plass i SFO, kan nytta tilbodet.

Kulturskulen har fått ein auke på ca 70% stilling inkludert administrasjon som skal gå til kulturskuletimen. Det er 3 lærarar som vil gje eit variert tilbod til elevane. Tilbodet er organisert slik:

Time – modellen:

Skuleåret er delt i 3 – med 12 veker undervisning i kvar bolke.

Forslaget til fordeling ser slik ut:

Onsdag Lye: 11.30 – 12.30 2 bolkar

Onsdag Frøyland: 13.00 – 14.00 2 bolkar

Torsdag Bryne: 12.45 – 13.45 3 bolkar

Torsdag Rosseland: 14.15 – 15.15 3 bolkar

Onsdag Hognestad: 12.45 – 13.45 1 bolke

Onsdag Undheim: 14.15 – 15.15 1 bolke

Det blir oppstart på Undheim/Hognestad på våren 2014. Klokkesletta som er sett opp kan justerast med tanke på skyss og andre praktiske ting.

Denne ordninga vil ein nå lovfesta, slik at alle skuleeigarar får plikt til å gje elevane eit slikt gratis kulturskuletilbod. Det fins ingen bestemningar i opplæringslova om eit gratis kulturskuletilbod. Derimot blir kommunane i opplæringslova § 13-6 pålagt å ha eit musikk – og kulturskuletilbod til barn og unge.

## VURDERING

Det nye lovforslaget om ein gratis kulturskuletime for elevar på 1. - 4.trinn, vil kunna bidra til sosial utjamning og auka interessa for kunst og kultur. Time kommune skal nå gjennomføra ei ordninga på alle skulane i kommunen.

Det hadde vore ei føremon om kommunane kunne hausta erfaringar frå ordninga, før ho blir lovpålagt.

Kulturskuletimen blir sett på som eit positivt innslag i skule/SFO. Samarbeidet mellom kulturskulen og skule/SFO er noko som blir ønskt velkommen. Kompetansen som kulturskulen har, kan bidra til positiv utvikling i skule/SFO.

Ei god opplæring i kunstfag, kan gje positive utslag på dei ordinære skulefaga viser forskning. Det er likevel innvendingar knytt til å lovfesta kulturskuletimen før kommunen har prøvd ut ordninga.

- ◆ Det kan bli ei utfordring for kulturskulen å følgja opp ei mogeleg auka interessa for kulturskulen i etterkant, då resultatet kan bli at ventelistene til kulturskulen aukar.
- ◆ Det er vidare sagt at tilbodet skal vera frivillig. Dette stiller krav til organisering- då ein må ha eit anna tilbod som går parallellt. Dersom tilbodet blir gitt i SFO, vil det gjera dette lettare, men dei som ikkje går i SFO, vil måtta koma tilbake til skulen for å delta i kulturskuletimen.
- ◆ Det er ikkje rett til skyss for å delta på ordninga. Dette ekskluderer ein del elevar, då kulturskuletimen vil liggja etter vanleg skuletid og vera frivillig.
- ◆ Det blir ikkje stilt krav til fagleg innhald – det blir opp til kvar kommune å definera innhaldet. Dette kan vera uheldig – og i verste fall ikkje gje den effekten ein ønskjer. Det burde vera eit felles fagleg innhald dersom dette skal vera eit kulturelt løft.
- ◆ Det blir ikkje stilt krav til fagleg kompetanse hos dei som skal undervisa i kulturskuletimen. Det er ønskeleg både med god fagleg og pedagogisk kompetanse. Elevgruppene i kulturskuletimen blir vesentleg større enn det som er vanleg i kulturskulen.
- ◆ Det er uklart kva som er meint med at tilbodet skal vera gratis. Dersom ein legg kulturskuletimen til SFO, betaler alle der for opphaldet. Betyr «gratis» at barna får tilbod om kulturskuletimen utan ekstra kostnad, eller betyr det at timen skal trekkjast frå foreldrebetalinga og gje redusert inntekt til SFO?
- ◆ Økonomien for inneverande år- altså i prøveperioden, er øymerka. Seinare blir det foreslått at det skal bli ein del av rammefinansieringa. Er kommunen då sikra full finansiering?
- ◆ Er dette ei rett satsing på kulturskulen? Kunne midlane vore brukt annleis? Dette hadde det vore greitt å kunna vurdert etter eit prøveår.

## KONKLUSJON

Time kommune er positive til å gje elevane i 1. - 4. klasse ein ekstra time, «kulturskuletimen», i skule/SFO, men har følgjande kommentarar til lovforslaget:

- 1 Det er ikkje tatt høgde for at kulturskulen kan få større etterspurnad og lengre venteliste etter at grunnskuleelevar har delteke i kulturskuletimen.
- 2 Elevar som treng skyss, får problem med å nytta tilbodet
- 3 Det burde vore sett ein standard om fagleg innhald
- 4 Det burde vore stilt krav til kompetanse for å undervisa i kulturskuletimen

- 5 Det må greiast ut nærare kva som ligg i «gratis» tilbod
- 6 Tilbodet må fullfinansierast kvart år
- 7 Lovforslaget bør koma etter at kommunen har gjort erfaringar med ordninga.

Rådmannen i Time, den 09.08.2013

Brit Nilsson Edland

Ørjan Daltveit  
kommunalsjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur*